

MØTEINNKALLING

Utval: **FORMANNSKAPET**
Møtestad: **FORMANNSKAPSSALEN**
Møtedato: **22.04.2008** Tid: **0830**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenta er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
24/08	08/284	ORIENTERINGSSAKER
25/08	07/862	FRÅDELING AV TUN OG BÅTSTØ/NAUSTTOMT – GNR.79 BNR.1 OG 2
26/08	07/561	REGULERINGSPLAN FOR BUSTADFELTET AUSTABERG - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN
27/08	08/103	SØKNAD OM KONSESJON - GNR.24 BNR.21 OG GNR.16 BNR.12 KJØPAR BJØRKE EIENDOM AS
28/08	07/566	KOMMUNEPLAN 2008 - 2016 - BUDSJETTENDRING
29/08	08/290	REKNESKAPSRAPPORT PR.10.04.2008
30/08	08/291	LEIKANGER BÅTHAMN – TILSKOT TIL BYGGING AV GJESTEBRYGGE
31/08	05/165	TILLEGGSAVTALE - KONTORREKVISITA, LEIKANGER BOKHANDEL
32/08	08/254	TIMETALSUTVIDING I SMÅSKULEN – ORGANISERING AV 5 DAGARS SKULEVEKE

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

ORIENTERINGSSAKER

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 08/284

Arkiv:

Sak nr.: Utval
24/08 Formannskapet

Møtedato
22.04.2008

TEMA:

- 1. Brev av 19.03.08 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Reidun Sofie Husabø/Marie Borgen med avgjerd i klagesak – kommunal overtaking av privat avløpsleidning – Nybø Nord (vedlagt).**
- 2 Orientering om forhandlingsmøte med Sogn Indremisjon om leige/kjøp av Strandavegen til framleis drift av barnehage.**
- 3. Oversikt – søknader til næringsfondet 2008 (IKKJE OFF. – vert sendt ut til faste medlemmer og vara.)**

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

FRÅDELING AV TUN OG BÅTSTØ/NAUSTTOMT - GNR.79 BNR.1 OG 2

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 07/862

Arkiv: MTR 79/1,2

Sak nr.: Utval
25/08 Formannskapet

Møtedato
22.04.2008

TILRÅDING:

Leikanger kommunen gir i medhald av §7 i Plan- og bygningslova dispensasjon for frådeling av om lag 2 daa tomt til fritidsbruk ved tunet på Flæte og om lag 300 kvm tomt til båtstø/naust ved fjorden som omsøkt. Turvegane rundt tunet skal framleis høyra til gnr.79 bnr.1 og 2.

Det vert ved dispensasjonen lagt vekt på at ved frådelinga av bygningane på Flæte som eigen eigedom vil gjera det lettare å halda bygningane vedlike. Det vert med bakgrunn i at Rud og Flæte tidlegare har hatt kvart sitt naust og funne god grunn for frådelinga av båtstø/nausttomta som ein del av eigdommen på Flæte.

DOKUMENT:

- Søknad av 26.10.07 m/kart og bilete (vedlagt)
- Fråsegn av 18.12.07 frå fylkesmannen (vedlagt)
- Fråsegn av 10.04.08 frå Statens vegvesen (vedlagt)
- F-sak 86/06

SAKSUTGREIING:

Eigarane av gnr.79 bnr.1 og 2, Rud og Flæte, fekk i sak 86/06 i møte 13.juni –06 løyve til frådeling av fritidshus med inntil 2 daa tomt på Flæte. Vilkår for frådelinga var at vegen til Rud og gamlevegen mot Vestrheim vert haldne ryddige og opne for fri ferdsel forbi/gjennom den frådelte tomta.

Den nye søknaden kjem i staden for frådelinga som vart godkjent i F-sak 86/06.

Arronderinga av tomta rundt tunet er no endra i forhold til søknaden frå 2006. Tomta er trekt noko austover.

Den viktigaste endringa er at det no i tillegg til tunet og vert søkt frådelt ei tomt på om lag 300 kvm ved fjorden til båtstø/naust. Søknaden har vore sendt fylkesmannen og vegvesenet til fråsegn.

Fylkesmannen har vurdert søknaden i forhold til § 17-2 i Plan- og bygningslova, byggjeforbodet i 100 metersbeltet. Fylkesmannen peikar på at i vurderinga deira er det klar skilnad mellom reine båtnaust og bygg med buening. Reine båtnaust har ein langt mindre privatiserande verknad på strandsona. Fylkesmannen understrekar at det er krav til særlege grunnar for å gi dispensasjon.

Vegvesenet har ikkje merknader til frådellinga under føresetnad av at det berre skal vera gangtilkomst til tomte.

Rådmannen si vurdering:

I jordbrukssjefen si saksutgreiinga til sak 86/06 vert det vurdert som driftsmessig forsvarleg etter jordlova med ei frådelling av tomte på Flætene, då bruket har til saman tre bustadhus og i tillegg mange gamle uthus som krev vedlikehald i framtida.

Kommunen sine interesser i Flæte og Rud er at bygningane vert haldne vedlike og at turvegane vert haldne ryddige og opne for ålmenta. Det er og viktig at kulturlandskapet vert halde i best mogeleg hevd.

Dette meiner rådmannen best skjer ved at tunet på Flæte vert frådelt saman med nausttomte som omsøkt. Ein vil då få eigarar som kan halda tunet på Flæte i hevd og det vert lettare for eigarane av Rud å konsentrera sitt arbeid om bygningane i tunet på Rud og kulturlandskapet.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

REGULERINGSPLAN FOR BUSTADFELTET AUSTABERG - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 07/561

Arkiv: L12

Sak nr.: Utval
26/08 Formannskapet

Møtedato
22.04.2008

TILRÅDING:

I medhald av §27-1 i Plan- og bygningslova vert privat framlegg til reguleringsplan for bustadfeltet Austaberg av 15.04.08 lagt ut til offentleg ettersyn.

Formannskapet føreset at det i høyringsperioden vert gjort geotekniske granskingar med omsyn til stabiliteten i den vestre delen av planområdet og sikring av blokka heilt i aust (området SL).

DOKUMENT:

- Framlegg til reguleringsplan av 15.04.08 frå Asplan Viak AS (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Dette området er i arealdelen i kommuneplanen lagt ut til bustadføremål, einebustader. Arealet er noko utvida i høve til kommuneplanen. I kommuneplanen var området rekna til åtte dekar med plass til sju einebustadtomter.

Grunneigarar er Roger Gåserud i aust og Målen Røysum i aust. Bjørn Hagen har utbyggingsavtale med Roger Gåserud.

Illustrasjonsplanen syner ni einebustader. Den austre delen av planområdet (område B 3) er vist med flateregulering. Grunnen til dette er at det er aktuelt med ei arrondering (terrengdring) av dette området.

Kommunen har delteke aktivt i utforminga av planen, mellom anna i lag med vegvesenet. Det er såleis ikkje grunn for utfyllande kommentarar til omtalen i plandokumentet.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

SØKNAD OM KONSESJON - GNR.24 BNR.21 OG GNR.16 BNR.12 KJØPAR BJØRKE EIENDOM AS

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/103

Arkiv: MTR 24/21

Sak nr.: Utval
27/08 Formannskapet

Møtedato
22.04.2008

TILRÅDING:

**Bjørke Eiendom AS får med heimel i Konesjonslova konsesjon på kjøp av gnr.24 bnr.21, Njøs og gnr. 16bnr. 12, Nybø i Leikanger kommune.
Konsesjon vert gitt på vilkår av at :**

- 1. Egedomen skal vera ein samla landbrukseigedom der areal og tilhøyrande ressursar vert drivne på landbruksmessig forsvarleg måte.**
- 2. Eigaren skal halde husa på garden vedlike.**
- 3. Bjørke Eiendom AS gjer avtale med Leikanger Båtlag om bruk av sjøbua.**

DOKUMENT:

- Søknad av 16.01.08 om konsesjon frå Bjørke eiendom AS m/kart (kart vedlagt)
- Brev av 04.03. 08 frå Bjørke Eiendom AS med utfyllande opplysningar (vedlagt)
- Kjøpekontrakt av 16.01. 08 mellom Staten v/Landbruks – og matdepartementet og Bjørke Eiendom AS.

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke søknad frå Bjørke Eiendom AS om konsesjon på Njøs gnr.24 bnr.21 og Nybø gnr.16 bnr.12.

Søknaden omfattar 60,7 daa på Njøs og 18,5 daa på Nybø som er dyrka og 20,8 daa tun. I tillegg 253 daa anna areal.

Bygningar: Kontorbygning i 2 etg. (207 m2), byggeår 1957
 Veksthus på 213 m2, byggeår 1947
 Veksthus på 300 m2, byggeår 1996,
 Låve/lab.bygg i 2 etg. på 200 m2, byggeår 1937
 Fruktlager/kjølelager i 2 etg på 150 m2, byggeår 1937
 Gammalt fjøs i 2 etg. på 96 m2, byggeår 1920

Sjøbu 60 m2, byggeår 1900
Våningshus m/carport i 2 etg., grunnflate 147 m2, bygd i 1870.

Av kart frå www.skogoglandskap.no går det fram at eigedomen er på :

Njøs: 38,2 daa fulldyrka A – jord, 26,3 daa fulldyrka B- jord og 4,5 daa innmarksbeite. I tillegg 81,4 daa skog av superbonitet, 120,9 daa høgbonitet skog og 6,4 daa skog av middels bonitet.

I tillegg 36 daa anna skog og 7,8 daa anna jorddekt fastmark, til saman 323,4 daa. Eigedommen har stølsrett på Hangsete, der selet er festa bort med langsiktig fetsekontrakt.

Nybø: 7,9 daa fulldyrka B- jord og 5,6 daa fulldyrka tungbrukt jord. I tillegg 4,1 daa skog av særskilt høg bonitet og 0,2 daa anna skog, 0,2 daa anna jorddekt fastmark og 0,2 daa ikkje klassifisert areal, i alt 18,2 daa.

Bjørke Eiendom AS har gitt utfyllande opplysningar om deira planar for bruken av jordbruksareala og bygningane. Dei vil inngå leigeavtale med Graminor om bruk av jordbruksareala på Njøs til planteforedling i eple, plomme og bringebær, og vil inngå avtale med Njøs Næringsutvikling m.fl. om leige av kontorplass på Njøs. Dei har ikkje spesielle planar om bruk av skogressursane sine og har ikkje planar om å busetja seg på eigedomen. Eit våningshus har til no vore utleigd til ein tilsett i Graminor.

Njøs Næringsutvikling AS er eit aksjeselskap som skal drive utviklingsarbeid innafor frukt og grønt i Sogn og Fjordane fylke. Aksjonærane er Graminor, Gartnerhallen, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Lerum Konserves. I tillegg er Lærdal Grønt, Luster Grønt, Sognefrukt BA, Vangnes Fruktlager, Innvik Fruktlager og Gloppen Produsentlag aksjonærar.

Bjørke Eiendom AS er eit selskap som driv med eigedomsutvikling og utleige av fast eigedom. Bjørke Eiendom AS vart stifta i januar 2005 og er eigd av Fellskjøpet Agri Eiendom AS og Graminor AS med høvesvis 51% og 49% av aksjane.

Kommunen har motteke e- post frå Kari Kitty Stadheim, eigar av gnr.17 bnr.16 ynskjer å kjøpe gnr.16 bnr.12 som tilleggsjord til sitt bruk som er naboeigedom til teigen på Nybø.

Skogbrukssjefen i Indre Sogn har uttalt at skogen er på om lag 250daa. Marka har dels høg bonitet , men svært vanskeleg driftstilhøve. Terrenget er stupbratt med hamrar og ur. I praksis er så å seie heile skogen impediment både på grunn av det vanskelege terrenget og den låge kvaliteten på vyrket. Jakta har ein verdi.

I arealdelen i kommuneplanen er alt areal avsett til LNF-område med unntak av arealet kring sjøbua i Skjeljavika som er regulert til småbåthamn, om lag 8 daa på Grauthaug som er avsett til friareal (bade plass) og 2 daa på Nybø (austre del av Lunden) som og er avsett til friareal.

I kjøpekontrakten har Staten teke atterhald om gjenkjøpsrett til landbrukspris dersom areal på eigedommen skulle verta regulert eller frådelt til anna enn landbrukspris innan 10 år. Staten har og forkjøpsrett til noverande pris i kjøpekontrakten med verdiauke av eventuelle investsteringar og prisauke dersom eigedommen vert lagt ut for sal i løpet av ein periode på 10 år.

Rådmannen si vurdering:

I samband med omstillingsplanen for Bioforsk i 2007 vart verksemda flytta frå Njøs til Ullensvang. I omstillinga for Njøs har lokale og regionale styresmakter og organisasjonar vore tekne med i ein aktiv dialog om utvikling av alternativ næring. Her har fylkeskommunen, regionrådet og kommunen saman med Graminor vore med.

Stortinget har godkjent at Staten kan selja eigedommen til Bjørke Eiendom AS.

Kjøpet omfattar eigedommane gnr.24 bnr.21 med påståande bygningar og gnr.16 bnr.12. Det har vore halde fleire takstar på eigedomen. Landbrukstakst utført av takstøkonom Bjarte Roska er sett til 2.56 mill. Det er nytta prisen 2.55 mill ved overdraginga. Eigedomen er etter våre tilhøve ein stor gard med lette driftstilhøve. Det er oppdyrka mark, lauvskog og jaktrettar til eigedomen. Eigedomen består av godt arrondert areal på Njøs og mindre godt arrondert areal på Nybø. Arealet er til dels noko bratt, men ligg i eit samanhengande godt landbruksareal og i eit område med i eit svært godt klima. Det er fleire godt tenlege hus på eigedomen, til dels med godt etablerte leigeavtalar. Prisen på 2,55 mill. tilgodeser ein samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling på landbrukseigedommar.

Forskningsstasjonen Njøs har i lang tid vore ein viktig institusjon i Leikanger og har vore gagnleg for Leikanger ved å stimulere til frukt- og bærproduksjon i regionen har bidrege med arbeidsplassar og busetnad både på Njøs og i tilknytning til institusjonen. Det er pårekneleg at Bjørke Eiendom AS med planlagd bruk av eigedomane kan vidareføre dette. Leikanger er eit sårbart samfunn knytt opp til offentlege verksemdar og det er difor viktig med allsidig næringsutvikling for å gje gode arbeidstilbod og skape alternative arbeidsplassar i kommunen.

Eigedomen Njøs er ein godt arrondert eigedom som eignar seg godt til Bjørke eiendom AS sitt føremål . Njøs har arealmessige og bygningsmessige fasiliteter og utgjer åleine ei god driftsmessig løysing. Eigedomen Nybø ligg 1,7 km frå Njøs og utgjer i seg sjølv ikkje eit så godt arrondert område mellom Henjavegen og riksvegen. Området har vore dreve ilag med eigedomen på Njøs i lang tid , men separat utgjer dette ikkje noko eigneleg tilleggsareal til Njøs. Det har meldt seg ein interessert kjøpar til denne eigedomen.

Det viktigaste ved overdraging av landbruksareal er at arealet for framtida vert nytta til landbruksareal og at eigaren nyttar alle landbruksressene på ein aktiv måte, inkl. skog /jaktrett. Det er ynskjeleg å setja vilkår om at eigedomen Njøs og Nybø skal vera ein samla landbrukseigedom der alle landbruksressane vert nytta aktivt og på ein landbruksmessig forsvarleg måte.

Det er vanleg ved overdraging av landbrukseigedom at det vert sett vilkår om personleg buplikt. Det er pårekneleg at tilsette i Graminor og Njøs Næringsutvikling vil bu i Leikanger. Dette er med på å ta vare på busetnaden i området. Det er likevel rimeleg å setje krav om at eigaren skal halda husa på garden vedlike. Det er vanskeleg å gje eit aksjeselskap personlig buplikt. Det er likevel ynskjeleg at det bur folk i bustadhuset på garden. Det kan stillast vilkår om at bustadhuset skal nyttast som bustadhus.

Njøs har eit stort båthus som ligg i tilknytning til båthamna. Det er ynskjeleg at Leikanger Båtlag får nytte dette huset og at Bjørke Eiendom AS gjer avtale om sal eller utleige av dette innan rimeleg tid.

Samla sett er prisen på eigedomen akseptabel, næringsutvikling på garden er viktig for kommunen, busetnadsinteressene vert ivaretekne og det vert sett vilkår om forvaltninga av ressursane.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

KOMMUNEPLAN 2008 - 2016 - BUDSJETTENDRING

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 07/566

Arkiv: 142

Sak nr.:	Utval	Møtedato
28/08	Formannskapet	22.04.2008
/	Kommunestyret	08.05.2008

TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek følgjande endring i budsjettet for 2008:

13312 Plansaksbehandling	
Ny post Kommuneplan	40.000

Vert dekket ved overføring frå:

2510 Bundne driftsfond	
25199130 Tilskot lensmannsstova	10.000
25199160 Tilskot Info-tavler	15.000
25199401 Tilskot Kulturvern	<u>15.000</u>
SUM	40.000

DOKUMENT:

- Planprogram – kommuneplan 2008 - 2016

SAKSUTGREIING:

Det er ikkje sett av eigne midlar i budsjettet for 2008 til arbeidet med kommuneplanen 2008-2016.

Planprogrammet føreset fagleg utgreiingar som det må leigast ekstern hjelp til. Til energi- og klimaplanen er det søkt om tilskot frå Enova og til revisjon av trafikktryggingssplanen har kommunen fått tilsagn om tilskot på 45.000 kr frå Aksjon skuleveg. Jordbrukssjefen i Sogndal utarbeidar kart for kjerneområde jordbruk som ein del av leigeavtalen med Sogndal kommune. Det er bedt om pris frå arkeolog Marit Anita Skrede på utarbeiding av registrering og vurdering av potensiale for automatisk freda kulturminne i område som blir vurdert utbygd. Kostnaden med dette arbeidet vil liggja rundt 30.000 kr.

I tillegg til dette vil det gå med kostnader til annonsering og folkemøte. Ei eventuell trykking av planen må vurderast i samband med 2009-budsjettet.

I lag med tenesteleiar kultur har rådmann gått gjennom eldre bundne driftsfond knytt til kulturvern. Ein del av desse fonda er ikkje aktuelle lengre, då prosjekta har gått ut eller vorte løyste på anna måte. Til saman utgjer desse fonda 40.000 kr som rådmann rår til vert nytta til arbeidet med kommunenplanen.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

REKNESKAPSRAPPORT PR.10.04.2008

Sakshandsamar: Ingunn Broch Hauge
Arkivsak nr.: 08/290

Arkiv: 212

Sak nr.:	Utval	Møtedato
29/08	Formannskapet	22.04.2008
/	Kommunestyret	08.05.2008

TILRÅDING:

Rekneskapsrapporten vert teken til etterretning.

DOKUMENT:

SAKSUTGREIING:

Årsbudsjettet for 2008 vart vedteke av Leikanger kommunestyre den 13.12.2007.

For å få budsjettet i balanse, vart driftsramma redusert med kr 2.320.000,-. Innsparinga vart mellom anna gjennomført ved reduksjon av stillingsressursar. Driftsbudsjettet inneheld dessutan ein post på kr 7.274.000,-, som er refusjon av mva ved bygging av fleirbrukshall i 2008. Denne vert ført til inntekt i driftsbudsjettet og bidreg såleis til å få budsjettet i balanse.

Med slike føresetnader lagt til grunn, er det viktig å fylgje med på utviklinga gjennom året for å halde best mogleg økonomisk styring og kontroll.

Rådmannen har gått gjennom rekneskapa pr.10.04.2008. Det er umogleg å seie korleis rekneskapa for heile driftsåret 2008 vil bli, men vi kan nytte rapporten til å sjekke ut om det er endringar i føresetnadene som vil føre til store avvik frå budsjettet. Inntekter og utgifter vil variere fordi aktiviteten endrar seg, og dei vil svinge fordi forbruksmønsteret ikkje er likt fordelt gjennom året.

Rapporten gir i hovudsak eit samla syn ut frå dei største utgifts-og inntektspostane.

For å få med 4 mnd.med løn, er rapportdato sett til 10.04.2008.

DRIFTSBUDSJETTET***Løner og sosiale utgifter:***

Pr.10.04.2008, dvs lønn for fire månadar, er det kostnadsført fylgjande lønskostnader:

Avrundar til næraste kr.1000,-.

	Forbruk pr. 10.04.2008	Budjett 2008 (oppd.pr.10.04.2008)	Forbruk %
01 – 09 løner og sos. utgifter	31.321.000	85.776.000	36,5 %
Mottekne sjukepengar	830.000		
Netto lønsutgift pr. 10.04.2008	30.491.000	85.776.000	35,5 %

Eit forbruk på 35,5 % etter 4 mnd. er akseptabelt og samla sett ser det ut til at lønsutgiftene kjem i balanse i høve til budsjettet .

Ser ein på kvart einskild rammeområde, ligg pleie og omsorg samt barnehagane noko høgt i høve budsjettet, der både pleie og omsorg og barnehagane har eit forbruk på 37 %.

Enkelte ansvarsområde innan pleie og omsorg skil seg ut ved at det alt no er brukt over 100% av fleire budsjettpostar, mellom anna sjukevikar og lønn overtid.

Det har over tid vore vanskeleg å få tak sjukepleiarar og det har vore nødvendig med bruk av overtid, vikarbyrå med mer. For å endre på denne uheldige situasjonen, har ein arbeida bevist med rekruttering av sjukepleiarar. For tida ser det ut til at ein får ihamn nye avtalar og ein ser for seg at situasjonen vil betra seg ut over året.

Det kan og sjå ut til at ein får ei avvikling av særtiltak i løpet av året.

Andre driftsutgifter:

Andre driftsutgifter	Forbruk pr. 10.04.2008	Budjett 2008 (oppd.pr.10.04.2008)	Forbruk %
10-28 eksterne kjøp til eigenpr.	4.246.000	20.126.000	21,1 %
30-39 kjøp av eksterne teneste	1.885.000	7.396.000	25,5 %
40-48 overføring til andre	1.298.000	6.713.000	19,3%
49 reservar og tilleggsloyving		60.000	
Sum andre driftsutgifter	7.429.000	34.295.000	21,7%

Vurdert under eitt, ligg andre driftsutg. innafor budsjettet.

Går vi i detaljar, ser vi at også her har rammeområdet pleie og omsorg eit høgt forbruk i høve budsjettet. Ein har mellom anna fått store ekstra utgifter vedrørande bilbruk.

Også sosial og barnevern ligg høgt i høve budsjettet med eit forbruk på 67% av budsjettet.

Andre driftsinntekter:

Andre driftsinntekter	Forbruk pr. 10.04.2008	Budjett 2008 (oppd.pr.10.04.2008)	Innbetalt %
60-69 sals- og leigeinntekter	2.753.000	20.764.000	13,3%
70-78 refusjon av utlegg for andre	5.905.000	30.194.000	19,6%
80-89 overføring frå andre	19.386.000	74.171.000	26,1%
Sum andre driftsutgifter	28.044.000	125.129.000	22,4%

Post 60-69; sals og leigeinntekter: Husleigeinntekter ser ut til å vere à jour pr. 10.04.2008. Kommunale avgifter forfell til betaling i slutten av april og vil pt. av april og vil framkome som eit avvik, for lite innbetalt. Kommunale avgifter ligg til forfall med ca.kr 3,8 mill. Det er og avvik på eigenbetaling på sjukeheimen, pga innbetalningar frå NAV vert gjort på etterskot.

Post 70-78; refusjon av utlegg for andre: Store postar her er Kulturskulen i Sogn. Grunna periodisk innbetaling av refusjonar frå kommunane Luster og Sogndal, vil det mellom kvar halvårige innbetaling framstå som manglande innbetaling i høve budsjett.

Krav om innbetaling for 1. halvår er utsendt.

Post 80-89; overføring frå andre:

Skatt og rammetilskot: I budsjettet er det lagt til grunn eit rammetilskot på kr 28,4 mill.og skatt på inntekt og formue ca. kr 41,2 mill.

Slik KS sin prognosemodell ser ut, oppdatert med innbyggartal pr.01.01.2008, vert rammetilskotet på kr 29,1mill. Folketalet er redusert med 20 personar til 2179, men kommunen får likevel auke i rammetilskotet pga endring i aldersamansettinga.

Skatteanslaget er sett til 41,5 mill kr.

Eigedomsskatt vert innkrevd i to terminar, fyrste med forfall i april og var pr.10.04.08 ikkje forfalle til betaling. Eigedomsskatten for 1. termin er utrekna til kr.1.225.000,-.

Finansutgifter og finansieringstransaksjonar:

	Forbruk pr. 10.04.2008	Budjett 2008 (oppd.pr.10.04.2008)	Forbruk %
Renter på lån (inkl.form.lån)	3.023.000	5.935.000	50,9%
Avdrag	7.950.000	3.200.000	248,4%
Fondsavsetjingar, avskr.	20.000	2.777.000	0,7%
50-59 Finansieringsutgifter	10.993.000	11.912.000	92,3%

Finansieringsutgiftene er samansett av renter, avdrag, avsetjingar til fond og avskrivningar. Av desse utgiftsartane vert det vesentlege av avskrivningar og avsetjingar ikkje registrert før ved årsoppgjeret.

I samband med refinansiering – opplåning for 2008, vart det i mars betalt avdrag for åra 2006, 2007 og 2008. Sidan avdrag for 2006 ikkje tidlegare er utgiftsført som avdrag, innheld posten avdrag for to år. Jfr. finansieringsinntekter, der tilsvarande sum vert inntektsført.

Renter på lån til Kommunalbanken har halvårlege terminar og betalte renter pr. 10.04.2008 er renter for 6 mnd. Rentesatsen på lån med flytande rente vert regulert kvart halvår. Ved siste

låneopptak, 19.03.08, vart avtala rente lik 6 mnd. nibor, 6,347%. Dagens rentenivå ligg ca. 0,7%-poeng over det som er nytta i budsjettet.

Finansinntekter og finansieringstransaksjonar:

	Forbruk pr. 10.04.2008	Budjett 2008 (oppd.pr.10.04.2008)
Renteinntekter	556.000	895.000
Avkastning fondsm./ aksjeutbyte	- 4.459.000	5.254.000
Bruk av fond, avskrivningar	3.077.000	2.620.000
90-99 Sum finansieringsinntekter	- 826.000	8.769.000

Avkastning på fondmidlar er ajour pr. 30.03.2008 og er ved utgangen av mars negativ med ca. 4,5 mill kr. Ca kr 1.2 mill av denne negative utviklinga, skuldast endring av rekneskapsprinsipp vedrørende føring av obligasjonar.

Vedrørende bruk av fond, er kr. 3.058.000,- bruk av bunde fond samband med betaling av avdrag for 2006.

Oppsummering:

Det ser ut til at dei tyngste driftsutgiftene som løn, inkludert pensjon og arbeidsgivaravgift samla sett kjem i balanse. Også driftskostnadene ser så langt ut til å kome i balanse.

Det er stor usikkerheit er det knytt til finansinntekter og finanutgifter pga store svingingar i aksjemarknaden og utsikter til høgt rentenivå.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

LEIKANGER BÅTHAMN – TILSKOT TIL BYGGING AV GJESTEBRYGGE

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 08/291

Arkiv: 243

Sak nr.:	Utval	Møtedato
30/08	Formannskapet	22.04.2008
/	Kommunestyret	08.05.2008

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek:

- Leikanger kommune gjev Leikanger båtlag tilsagn om eit tilskot stort kr 200.000.
- Tilskotet skal nyttast til bygging av gjestebrygge plassert på innsida av moloen i den nye båthamna.
- Gjestebyrgga skal til kvar tid stå til disposisjon for kortidsopphald for gjestande småbåtar. Gjestebyrgga skal ikkje nyttast til andre føremål utan etter særskilt godkjenning frå både Leikanger båtlag og kommunen
- Tilskotet blir dekt frå ny post 13223 4745 Tilkot Leikanger båtlag. Kr 100.000 blir overført til post 13223 4745 frå post 13222 4730 Næringsfondet og kr 100.000 frå post 13223 4744 Tilkot Leikanger Næringshage.
- Tilskotet blir utbetalt slik:
 - 50% når byggearbeida startar opp
 - 50% når gjestebyrgga er ferdig bygt
- Kommunestyret føreset at det blir inngått ei eiga avtale mellom Leikanger båtlag og Leikanger kommune om bygginga av framtidig bruk av gjestebyrgga.

DOKUMENT:

•

SAKSUTGREIING:

Som del av planlegginga av den nye småbåthamna til Leikanger båtlag i Skjeljaviki var det føreset at det skulle leggest til rette for nokre gjesteplassar for småbåtar som ønskjer å vitje Leikanger.

I møte mellom Leikanger båtlag v/L H Seim og Leikanger kommune den 11.04.2008 fekk kommunen orientering om dei pågåande byggearbeida, dei praktiske løysingane og framdriftsplan.

Den nye småbåthamna vil gje rom for 48 nye plassar. Hittil er 44 av plassane selde til lokale private småbåteigarar. Det vil stå att inntil 3 plassar som kommunen har opsjon på. Alle dei 48 plassane er plassert på nordsida, d.v.s motsett kant av moloen.

Utover dei faste plassane kan det byggast ei gjestebrygge på sørsida, d.v.s på innsida av moloen. Denne vil kunne byggast som ei flytande trebrygge i ei lengd på inntil 40 m med gangbru inn på moloen. Brygga vil bli festa til stålbjelkar som er fundamentert i botn. Leikanger båtlag har rekna dei samla kostnadene med gjestebrygga til kr 200.000. I denne summen er det lagt inn ein del eigeninnstas som Leikanger båtlag vil gjera i form av dugnad. Frå Leikanger båtlag er det ein føresetnad at kommunen dekker kostnadene med gjestebrygga.

Rådmannen meiner det er viktig at Leikanger kommune nyttar høvet til å få på plass ei gjestebrygge. Dette er eit tilbod som har vori etterspurt og sakna i mange høve. Ei gjestebrygge vil også vera med å gjera heile småbåthamna meire attraktiv og framstå som eit godt tiltak for betring av infrastrukturen med at fleire kan stoppe opp og koma i land på Leikanger.

Rådmannen vil tilrå at kommunen gjev eit tilsagn om tilskot på kr 200.000 som omsøkt med slik finansiering:

Kr 100.000,- frå næringsfondet (13222 4730). Saldoen på næringsfondet pr 15.04.2008 syner at det står att ca kr 100.000 til disposisjon før ny påfylling av midlar i 2008.

Kr 100.000,- frå post 13223 4744 Tilskot Leikanger Næringshage. Her er budsjettert med kr 150.000 i tilskot for 2008, men ved ein feil fekk næringshagen utbetalt kr 100.000 for mykje i 2007. Derfor er berre kr 50.000 av budsjettert tilskot i 2008 utbetalt.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

TILLEGGSAVTALE - KONTORREKVISITA LEIKANGER BOKHANDEL

Sakshandsamar: Anja Hamre
Arkivsak nr.: 05/165

Arkiv: 601 &01

Sak nr.: Utval
31/08 Formannskapet

Møtedato
22.04.2008

TILRÅDING:

Leikanger kommune vidarefører ikkje tilleggsavtalen med Leikanger Bokhandel.

DOKUMENT:

- Søknad frå Leikanger Bokhandel datert 18.02.08

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune er med på Sogn og Fjordane Felles Innkjøp, som blir administrert av innkjøpstenesta til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Me forhold oss til dei innkjøpsavtalane som vert inngått der.

Leikanger kommune har hatt ein tilleggsavtale med Leikanger Bokhandel som har medført at Leikanger Bokhandel har fått 12 % av den summen kommunen nyttar på kontorrekvisita gjennom innkjøpsavtalen. I storleik dreier dette seg om ca kr 20.000 pr. år.

Avtalen gjekk ut 31.12.06, og Leikanger Bokhandel søker no om å få vidareført denne med den grunngjeving at avtalen er med på å sikre framtidig drift av ein slik butikk i Leikanger. På budsjettet for 2008 er det ikkje budsjettert med denne ekstrakostnaden, og budsjettet for papir og rekvisita er forholdsvis stramt.

Leikanger Bokhandel kan, på lik linje med andre verksemder, søke om støtte frå kommunen gjennom næringsfondet.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

TIMETALSUTVIDING I SMÅSKULEN – ORGANISERING AV 5 DAGARS SKULEVEKE

Sakshandsamar: Jorunn Nyttिंगnes
Arkivsak nr.: 08/254

Arkiv: B15

Sak nr.:	Utval	Møtedato
32/08	Formannskapet	22.04.2008
/	Kommunestyret	08.05.2008

TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek følgjande plan for timetalsutviding ved Leikanger barneskule:

Leikanger barneskule får i oppdrag å utarbeide eit tilbod med leik og læring /leksehjelpsordning med bruk av SFO personalet kombinert med lengre matøkt/storefri og gjerne i samarbeid med andre aktivitetar som musikkskule, barnekor m.m.

Heile barneskulen har felles sluttidspunkt klokka 14.30 på måndag, tysdag og torsdag, 12.45 på onsdag og 13.45 på fredag.

Meirkostnadane på om lag 50 000 kroner vert å dekke innafør vedteke budsjett.

DOKUMENT:

- St. melding nr. 16 (2006-2007) Tidlig innsats for livslang læring
- Nyhet Regjeringa.no publisert 16.08.2007 (vedlagt)
- Rektor/skulen sitt framlegg til organisering av skuleveka (vedlagt)
- Referat frå møte i samarbeidsutvalet (referert i saksutgreiinga)

SAKSUTGREIING:

I samband med statsbudsjettet gjorde Regjeringa framlegg om å auke timetalet på barnetrinnet med 5 klokkeimar frå hausten 2008. Utvidinga er lagt til 1. – 4. årssteg, fordelt på 2 timar norsk, 2 timar matematikk og 1 timme engelsk i veka. Formålet med utvidinga er meir tid til læring, leksehjelp og leik, samt utjevning av sosiale forskjellar.

Regjeringa har som mål å auke timetalet i heile grunnskulen til 28 timar i veka. Denne utvidinga går frå gjennomsnitt 23 til 24 ¼ på småskulesteget.

Med grunnlag i dette har kommunestyret vedteki 5 dagars skuleveke i Leikanger. Utvida timetal i småskulen fører til endra opningstider og tilbod i SFO. Det kjem eiga sak om dette i junimøtet.

Barneskulen utarbeidd 4 ulike framlegg, der dei har tilrådd alt. 1. Samarbeidsutvalet gav tilslutning til dette framlegget og peika samstundes på nokre argument dei ynskjer meir utgreidde:

- Kan ein starta skuledagen klokka 08.30?
- Kan ein få til ei leksehjelpsordning eller ”leik og læring” ved slutten av skuledagen nokre dagar i veka?
- Kan ein forskyva matøkta slik at ein får noko meir tid til å eta?

Alternativ 1.

	Måndag			Tysdag			Onsdag			Torsdag			Fredag		
Tid	1.-2.	3.-4.	5.-7.	1.-2.	3.-4.	5.-7.	1.-2.	3.-4.	5.-7.	1.-2.	3.-4.	5.-7.	1.-2.	3.-4.	5.-7.
9.-9.45															
9.45-10.30															
10.45-11.30															
12.00-12.45															
12.45-13.15 13.15-13.45															
-14.00															
14.00-14.30															

(blanke ruter er skulefri)

Det tilrådde framlegget er etter rådmannen si vurdering godt gjennomarbeidd, og har sett fokus på to prioriterte kjerneområde; lesing og fysisk aktivitet.

Samarbeidsutvalet ynskjer ei nærare utgreiing på områda skulestart 08.30 om morgonen, leksehjelpsordning/”leik og lær” samt utviding av matøkta.

Utfordringa vil etter rådmannen sitt syn bli organisering av skuleskyss opp mot dei momenta som samarbeidsutvalet peikar på.

I budsjettet for 2008 er det lagt inn 160 000 kroner til skuleskyss ved Leikanger barneskule.

Dette dekkjer ein skuleskyss morgon og ettermiddag, ekstraskyss ein dag i veka, samt skyss til symjing og kroppøving frå haustferien til vinterferien.

Kommunane har sjølv fullt ansvar for for grunnskuleskyss i samband med symjeundervisning og kroppøving. I tillegg må kommunane dekke midtskyss utover ein dag i veka. Med midtskyss er her meint alt utover ein skyss ved skuleslutt på same strekkja. Ved bruk av rutegående skyss betalar kommunen minste persontakst. Ved all anna skyss betalar vi for skuleåret 2007/2008 20,47 og skuleåret 2008/2009 21,03 kroner pr. kilometer alt eks. moms.

Dersom ein går ut frå å ha skyss heim fredagar som no, at fylkeskommunen betalar for onsdagen og at ein finn ei ordning med den eine halvtimen for 1. og 2. klasse på torsdag, står ein att med 2 dagar, måndag og tysdag, der ein må ha tilbod 45 min for heile småskulesteget.

Kostnaden med sjølv timetalsutvidinga/undervisninga ligg inne i vedtek budsjett. I tillegg vert det ein kostnad med enten ekstraskyss eller aktivitetstilbod. Dette må enten dekkast

innafor skulen si ramme, eller ved tilleggsløyving Problemstillinga vert då om ein skal bruke dei pengane kommunen uansett må ut med til aktivitetar eller til skyss?

Å starte klokka 08.30 gjev inga løysing på denne problemstillinga, men kan utløyse meir ekstraskyss fordi ruta frå Hella og innover er samordna med vidaregåande skule.

For ekstra midtskyss betalar vi i år 25 651 kroner inkl.. moms for ein dag i veka. For 2 vekedagar utgjer dette om lag 51 300 kroner, medan løna for ein assistenttime (klokketime) i eitt år (38 veker) medrekna sosiale utgifter utgjer om lag 7300 kroner. Det ligg og inne 40 000 kroner til leksehjelp på Leikanger barneskule i 2008 budsjettet.

Rådmannen vil følgje samarbeidsutvalet på dei to siste punkta, og be skulen utarbeide eit tilbud med leik og læring/leksehjelpsordning med bruk av SFO personalet kombinert med lengre matøkt/storefri og gjerne i samarbeid med andre aktivitetar som musikkskule, barnekor og lignende slik at barneskulen har felles sluttidspunkt og kortare dagar for alle på onsdag og fredag. Dette vil vere i tråd med intensjonane bak utvidinga, og eit godt høve for barneskulen å prøve ut ulike organiseringar på tilbud som skal kome.

Rådmannen sitt framlegg, ytre ramme

Tid	Måndag			Tysdag			Onsdag			Torsdag			Fredag		
	1.-2.	3.-4.	5.-7.	1.-2.	3.-4.	5.-7.	1.-2.	3.-4.	5.-7.	1.-2.	3.-4.	5.-7.	1.-2.	3.-4.	5.-7.
9.-9.45															
9.45-10.30															
10.45-11.30															
12.00-12.45															
12.45-13.15															
13.15-13.45															
-14.00															
14.00-14.30															